

## PROTOKOLL STYREMØTE

**Dato:** 5. februar, **Stad:** Thon Hotell, Skei, **Tid:** kl. 17.00 - 20.20

Desse møtte: Siv Merete Stadheim, Silje Vallestad, Irene Lunde, Steffen Sandene, Karen Weichert, Vigdis Flaten Kvamme, Odd Henrik Berge.

Melde forfall: Ron Overdevest og Lars Rørhus

Tilsette: Astrid Kalstveit og Marie Sørum

**Sak 1 Innkalling blei godkjent.**

**Sak 2 Referat frå styremøte 8.1.2020 blei godkjent.** Referat turlagsforum blei endra noko og skal supplerast med oppsummeringa som Silje laga om gruppearbeidet på turlagsforum. Styret gjekk gjennom oppsummeringane, som handlar om endringar SFT lokallaga kunne tenkje seg. Referatet blir sendt ut på nytt til godkjenning.

**Sak 3 Orienteringssaker**

### Kurs og fjellsport:

- 9.2. Skredvettdag i Sogndal. Utvalet får hjelp av Marie og Sogndal Turlag. To arrangement til i Sogn og Fjordane (årdal og Indre Nordfjord).
- Skredkurs i Jostedalen 7.-9.02. Kurset er fullt (6 deltakarar) med 3 på ventelista.
- Alpin skiteknikk- toppturkurs 8.-9.02 er avlyst pga for lite påmelding.

### UNG-gruppa:

- Skypemøte 3.02, gruppa er nøgd med redusert gruppe. Utval positiv til å delta, når det er UNG-arrangement.
- Det er planlagt stand på Vg. skular, Måløy og Aurland.
- Representert på Fjellsportfestivalen i veke 8.

### Styreleiar

- Styreleiar har fått ein del positive tilbakemeldingar for å vere inkluderande mot lokallaga, t.d. på fellesmøtet og på turlagsforum/årsmøtet. Det blei også etterspurt litt meir rettleiing i høve arbeid i Barnas Turlag.
- Styreleiar skal halde eit føredrag for reiselivsnæringa om „sosiale digitale flater i DNT“.

## Administrasjonen: Kva kan vi levere på?

- Fungerer godt med stillingsfordeling januar/februar: 80 % dagleg leiar (DL) og 70 % prosjektleiar. DL har ynskje om å få ei ny organisasjonsstilling. Innspel frå lokallaga syner at dei ynskjer desentraliserte stillingar.
- Kurs: Turleiarkurs og skredkurs bør ha prioritet. I tillegg enkelte andre kurs etter behov og oppsett program 2020.
- Felles turprogram lokallag/SFT 2021
- Utleige av utstyr (med tilhengar) som kan fraktast ut til lokallaga.
- Ynskjer å samordne søknader, men må vere betre kommunikasjon mellom lokallag og administrasjon.
- Statistikk: Alle lokallag har ikkje levert. Nokre synest det er vanskeleg med dugnadsstatistikken.
- Årsmeldingar og rekneskap. Alle lokallaga har levert og dokument sendt DNT.
- Positiv til opplæring i lokallaga. Viktig med å presisere ovanfor kursleiar kva vi vil ha.
- Forslag om samlinga for styreleiarar i lokallaga i forkant av t.d. fellessamlinga. Eller skype-møte/digitale minikurs for nye styreleiarar/ styremedlemar.
- Må ta opp tråden vdr samarbeid med Bergen og Hordaland Turlag, og dei har bedd om eit møte med oss før søknadsfrist driftsmidlar 1.04.2020
- Adm. må gå gjennom innspel frå lokallaga og sjå på framlegg til endringar etter ynskje frå lokallaga.

Innspela frå lokallaga syner at dei ynskjer desentraliserte stillingar

## Ung, medarbeidar:

- Ynsker å vere synleg på ulike arrangement, samt skape aktivitet og lågterskel fysisk aktivitet ute i lokallaga.
  - Gratis aktivitet, klatring, aktivitet i vatn, vinterferieveka. Kurs, vere til stades og synlege ved større arrangement som fjellsportfestivalen.
- Styreleiar var oppteken av at prosjektleiar knyter til seg andre ressurspersonar, som kan drive aktivitet lokalt.

## Sak 4 Styret konstituerte seg:



Nestleiar: Silje (vara: Irene). Skrivar: Karen. Vi held fram med AU: Styreleiar, nestleiar og dagleg leiar. Ynskje frå styret at utvalsleiarane blir med på styremøte.

Presentasjon styremedlemar og administrasjon.

### **Sak 5 Handlingsplan SFT – fordeling av oppgåver og ansvar**

Styret gjekk gjennom handlingsplanen og såg på tiltak som styret, administrasjon og lokallag leverer på. Styret vil kryssjekke med innspel som kom fram på fellesmøtet SFT og setje inn tiltak i handlingsplanen ut frå det.

Innspel og avklaringar oppgåver og ansvar er skrive direkte inn i planen som er lagt ved.

Dokument ligg også i Office.

### **Sak 6 Beredskapsplan**

DL presenterte framlegg beredskapsplan SFT. Vigdis, Steffen og DL har eit tlf. møte til veka, for å gå gjennom beredskapsplanen. Framlegg beredskapsplan ligg under dokument i Office.

### **Sak 7 Høyring DNT om møteplassar i DNT**

- Skal diskuterast i styremøte i foreiningane. Møteplassar i eit årshjul.
- Siv Merete skriv ein høyring for SFT: Kvifor redusere berre landsmøtet? Kvifor ikkje framlegg ung/fjellsport redusere sine tal årsmøte? Ynskjer å ha det sånn som det er, fram til noko betre forslag er lagt frem.
- Viktig med deltaking LM for frivilligheita og motivasjonen, som gjer tillitsvervet i turlaget enklare.
- Landsmøte; pliktig.
- Forslag: «Motivasjons-seminar» før og etter møtet, med saker (styreleiarsamling). Blandar litt for mykje, det formelle med det uformelle.
- Utnytte møteplassane godt, knyte gode kjennskap. Hengje saman med det formelle.
- Konkret: Sjå på totalen, ikkje berre landsmøtet. Gå for den «gamle» modellen.

### **Sak 8 Møteplan 2020**

Neste styremøte 18.mars kl. 17, Thon hotell, Skei

### **Sak 9 Ymse**

#### **Deltaking Landsmøtet 12.-14. juni i Haugesund**

Siv Merete (styreleiar), Irene (vara nestleiar) og Astrid (DL) reiser på landsmøte i Haugesund 12.-14.06



**Referent:** Karen Weichert og Astrid Kalstveit

